Nytt om namn

Meldingsblad
for Norsk namnelag

Nr. 3. 1985

Oslo 1985

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)
Redaktør: Botolv Helleland
Utgjevarstad: Institutt for namnegransking,
Universitetet i Oslo
Nr. 3 (1985)

Innkalling til landsmøte i Norsk namnelag 3
Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking 3
NAMN OG NEMNE og NYTT OM NAMN 4
To veteranar har fått påskjøning 5
Fem fylkeskultursjefar uttalar seg:
Roald Håland, Rogaland 6
Aasmund Mjeldheim, Hordaland 7
Lidvin Osland, Sogn og Fjordane 8
Eiliv Birkeland, Møre og Romsdal 9
Alf-Einar Øien, Nordland 10
Stadnamnutstilling i Rogaland 11
Stadnamnseminar i Sør-Varanger 11
"Namn i nord" - Tromsø 8-9. mai 1985 12
Sør-Varanger - en del av Norge? 13
Hva betyr et navn? 15
Pedagogiske lyte knytte til reglane for normering
av stadnamn 16
Lanesskogan og andre skog-namn på Andøya 18
Stadnamninnsamling på gymnaset i Valdres 20
Stadnamn fortel historie (bokmelding) 22
Stortinget om stadnamninnsamling 23

Redaksjonen er avslutta 15. juni 1985

ADRESSER:

Norsk namnelag, Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim, 7055 Dragvoll. Tlf. 07-596500
Tidsskriftet "Namn og nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5000 Bergen. Tlf. 05-212422
Meldingsbladet "Nytt om namn", Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo, boks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3. Tlf. 02-454375
Bankgiro til Norsk namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt, Sydnesplass 9, 5000 Bergen)

INNKALLING TIL LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG

Det vert med dette kalla inn til det fyrste ordinære landsmøtet i Norsk namnelag. Landsmøtet vert halde fredag 22. november 1985 kl. 9.00 i auditorium 3 i Sophus Bugges hus, Blindern, Oslo.

FRAMLEGG TIL SAKLISTE

1. *Melding om verksemda i Norsk namnelag 1984-85*
2. *Tidsskriftet Namn og nemne*
3. *Meldingsbladet Nytt om namn*
4. *Rekneskap*
5. *Val*
6. *Ymse*

Etter landsmøtet, om lag kl. 11, startar den 4. nasjonale konferansen i namnegransking (sjå nedanfor), og det er høve for landsmøtedeltakarane å vera med på denne konferansen.

DEN 4. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING

Hovudemne: Attgjeving av munnleg tale

Fredag 22. november 1985 arrangerer Institutt for namnegransking den 4. nasjonale namnegranskarkonferansen. Konferansen skal haldast i auditorium 3 i Sophus Bugges hus på Blindern og tek til kl. 11, like etter at landsmøtet i Norsk namnelag er avvikla.

Emnet for konferansen i år er attgjeving av munnleg tale i samband med oppskriving og utgjeving av namn og anna målføretilfang og tek såleis sikte på både folk som arbeider med namn og folk som arbeider med målføre.

Spørsmål som det er aktuelt å ta opp, er kva prinsipp bør leggjast til grunn for attgjeving av munnleg tale (fonetisk eller fonemisk transkripsjon), kva lydskriftsystem er mest tenleg, kva problem er knytte til attgjeving av ulike målføre, bruk av lydbandopptakar, lydskrift i datamaskinen, trykketekniske problem. Det er òg meininga å drøfta enklare former for attgjeving av dialekt i lokalhistoriske arbeid.

Program er lagt ved dette nummeret av Nytt om namn. Påmelding til Institutt for Namnegransking, postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3, telefon (02)454375, innan 10.11.85.

Deltakaravgifta er 60 kroner, som inkluderer kaffi og kake før konferansen tek til og konferanserapport som vert tilsend etter konferansen.

NAMN OG NEMNE og NYTT OM NAMN

Som medlemene i Norsk namnelag har merka, har publikasjonane til laget vore noko trege med å koma ut. Det var planen at både tidsskriftet Namn og nemne og meldingsbladet Nytt om namn skulle koma med to nummer i året.

Når det gjeld tidsskriftet, ser det førebels ut til at redaksjonen berre skal makta å få ut eit nummer til før landsmøtet, dvs. 2 nummer for heile toårsperioden. Dette har fleire årsaker, både økonomiske og praktiske. Det er dyrt å gje ut trykksaker i dag, og sjølv med eit medlemstal i namnelaget på mellom 250 og 300 å kr. 100 er det vanskeleg å få endane til å møtast, særleg når desse pengane i utgangspunktet skulle dekkja alle kostnader ved publiseringsverksemda og verksemda elles til styret. Både NAVF, Nordisk institutt i Bergen og Institutt for namnegransking i Oslo har ytt direkte og indirekte økonomisk støtte. Dei praktiske vanskane heng saman med arbeidssituasjonen til redaksjonane og alt ekstraarbeidet dei to publikasjonane fører til. Tilgangen på stoff er tilfredsstillande, men det trengst mykje tilrettelegging før det kan gå i trykken.

Meldingsbladet har òg vorte forseinka - nr. 3 vert send

ut no midtsommars, og nr. 4 kjem fyrst ved årsskiftet, etter landsmøtet og namnekonferansen.

Det vil gå fram av dette nummeret av Nytt om namn at det har fått nr. 3 med årstalet 1985. Grunnen er at redaksjonen har valt å nummerera bladet fortløpande frå 1 og oppetter. Neste nummer får då 4 og det deretter 5. Med berre to nummer i året vil ei slik fortløpande nummerering vera meir praktisk.

Trass i denne noko ujamne publiseringsverksemda vonar styret i Namnelaget og dei to redaksjonane at både gamle og nye medlemer vil støtta opp om tiltaket. Det er framleis store oppgåver i arbeidet med den norske namneskatten!

****

TO VETERANAR HAR FATT PÅSKJØNING

På ei tilstelling som Austmannalaget skipa til på Hamar nyss, fekk Eivind Vågslid kongens fortenestemedalje i gull. Den fekk han for ein utrøytteleg innsats i gransking av norsk mål, særleg av mellomalderbrev og stadnamn. Formannen i Austmannalaget, Jon Låte, sa i sin helsingstale at ei slik påskjøning var vel fortent av den 88 år gamle norskdomsmannen - sjølv om mange av stadnamntolkingane hans er omstridde.

****

Den andre veteranen som har fått ei påskjøning for ikkje lenge sidan, er Per Hovda. Som dei fleste veit, har Hovda stått sentralt i norsk stadnamngransking sidan 1942, då han overtok som styrar for Stadnamnarkivet etter Gustav Indrebø. Hovda gjekk av for aldersgrensa i 1979, men har framleis vore oppteken med stadnamngransking. Og no før årsskiftet fekk han tildelt Gustav Adolfs Akademiens pris for sin innsats for norsk og nordisk stadnamngransking.

****

FEM FYLKESKULTURSJEFAR OM STADNAMNINNSAMLING

Innsamling av stadnamn i fylkessamanheng er no aktuelt i fleire fylke, men etter ulike modellar. Fylkeskultursjefane står sentralt i dette arbeidet, og "Nytt om namn" har bede dei som har engasjert seg sterkast, om ein kort situasjonsrapport frå deira fylke.

Roald Håland, Rogaland: Fylkesprosjektet kom i stand ved at fylkeskulturstyret etter initiativ frå fylkesmannen i slutten av 1970-åra oppnemnde eit stadnamnutval som skulle greia ut om korleis eit slikt arbeid skulle organiserast. Med i utvalet var m.a. Odmund Møllerop, Tryggve Bakka og eg sjølv. Cand.philol. Inge Særheim vart beden om å laga ei fagleg vurdering. Prosjektet vart så starta opp i 1981 med Særheim som leiar i full stilling og då knytt til fylkeskultursjefen sitt kontor, men med arbeidsplass på Rogalandsforskning.Denne ordninga fall noko dyr sidan me måtte betala ein del av felleskostnadene. No har prosjektleiaren kontor på Rogaland DH-skule.

Til no er det registrert ikring 100.000 stadnamn i fylket - om lag halvdelen av det samla tilfanget. Alle kommunar er med, og i somme er storparten av innsamlinga unnagjort. Innsamlinga har kome i gang ved at prosjektleiaren har teke kontakt med kulturstyret i dei einskilde kommunane og deretter halde kurs for medarbeidarane.Viktig er det her å peika på at opplæringa har vorte fylgd opp med nye møte og kontaktar slik at det heile tida har vore ei god framdrift i arbeidet. No har me fått vedtak på at prosjektleiaren får fast tilsetjing fram til 1990, og då reknar me med at det aller meste av stadnamna i Rogaland vil vera i hus. Dataregistrering av namna er sett i gang, og på lengre sikt vil me arbeida for eit namnearkiv for Rogaland. No diskuterer me elles utgjeving av materialet, og det er aktuelt å leggja det til rette kommunevis, men spørsmålet er ikkje avgjort.Økonomien vil spela inn.

Aasmund Mjeldheim,Hordaland: I Hordaland har det vore utført mykje stadnamninnsamling tidlegare, både gjennom Nordisk institutt i Bergen og Institutt for namnegransking i Oslo, og ved reint kommunale tiltak. Vårt fylke står såleis betre enn mange andre i dag. Men eg er klar over at det no er nødvendig å sjå på innsamling av namnetradisjon som ei fylkesoppgåve for å auka tempoet. Samstundes ser eg det som viktig at arbeidet held faglege mål, dvs. at me i fylka bør samarbeida med dei faglege institusjonane.

I fjor haust vart eg saman med fleire andre fylkeskultursjefar og ei rekkje namnegranskarar invitert til eit stadnamnseminar på Utstein kloster utanfor Stavanger, og her vart det diskutert fleire modellar for fylkesbasert stadnamninnsamling. Eg vurderer Rogalands-modellen med ein fagleg velutdanna prosjektleiar i full stilling som eit tenleg opplegg, men problemet her i Hordaland er økonomien. I fyrste omgang kunne eg tenkja meg å byggja på innstillinga frå Norsk kulturråd "Om lokalhistoriske samlingar" der det vert gjort framlegg om å skipa slike samlingar med medverknad frå fylket.Eg vil då arbeida for å gjera Hordaland til eit prøvefylke. Konkret går planen min ut på å få ein avtale med Universitetet i Bergen for ein toårsperiode der Universitetet stiller ein kvalifisert person til rådvelde til å rettleia kommunane i å byggja opp lokalhistoriske samlingar. I desse lokalhistoriske samlingane meiner eg at stadnamn saman med anna tradisjonsmateriale vil ha ein sentral plass. På lengre sikt vil eg likevel arbeida for at me får ein prosjektleiar for stadnamn på full tid. Her vil eg elles streka under at innsatsen i fylket må ha som eitt av måla å oppretta kommunale stadnamnsamlingar.

Til slutt vil eg nemna at me i mars i år hadde ein fylkeskulturkonferanse der stadnamninnsamling var hovudemnet og med Botolv Helleland og Oddvar Nes som førelesarar.Og frå 1. august i år skal ein sivilarbeidar med akademisk bakgrunn gå i gang med eit føreprosjekt for å finna ut

korleis eit stadnamnprosjekt i Hordaland helst bør organiserast.

Lidvin Osland, Sogn og Fjordane: Så seint som for eit år sidan hadde eg ikkje tenkt på nokon stadnamnaksjon i mitt fylke, men i fjor haust vart eg lokka med på stadnamnseminaret på Utstein, og der vart eg så inspirert at eg sette i gang straks eg kom heim. Så gjekk det slag i slag. Den faglege sida vart sikra gjennom Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen, og då særleg ved Oddvar Nes, som var med på Utstein, og Jarle Bondevik. Det som no er i gang her i Sogn og Fjordane er noko som kan karakteriserast som eit stadnamnår - på same måte som somme distrikt opplever lemenår.

Planen går kort ut på at det frå 1. august 1985 skal tilsetjast 28 korttidsmedarbeidarar eller sersjantar for ein 8 månaders periode, ein i kvar kommune og to i fylket. Desse skal fyrst på kurs for å få opplæring slik at dei kan organisera og ha ansvar for innsamlinga i dei einskilde kommunane. Dei to på fylkesplan får eit meir overordna fagleg ansvar og skal ha fagleg bakgrunn. Sjølve innsamlinga i marka vil i stor grad gå føre seg ved hjelp av friviljuge, her er det rett og slett tale om ein gedigen dugnadsinnsats.

Den økonomiske sida er ordna ved at korttidsmedarbeidarane vert lønte over ekstraordinære sysselsetjingsmidlar frå Kommunaldepartementet. Driftsutgiftene vert dekte slik: 10.000 frå kvar kommune, 50.000 frå fylket, 100.000 frå Norsk kulturråd og 100.000 frå Kultur- og vitskapsdepartementet. At det siste kom så sterkt inn, hekk saman med at me fekk ein førespurnad frå departementet om det var aktuelt å satsa på eit kulturprosjekt av meir "nyskapande" karakter. Og her meinte me at stadnamninnsamling burde stå sentralt.

Det er altså her tale om ei sterk mobilisering over kort tid, og det vil krevja full innsats på alle plan frå star-

ten. Ein reknar med at det er to til tre hundre tusen namn i fylket, og me vonar å få med det meste av dette. Men etter innsamlingsperioden vil det sjølvsagt stå att eit langt og tidkrevjande og ikkje minst fagleg krevjande oppfylgingsarbeid. Og når ein kjem så langt at materialet er kontrollert, er det meininga å føra det attende til kommunane, samstundes som både fylket og dei vitskaplege institusjonane får kopiar.

Eiliv Birkeland, Møre og Romsdal: Førearbeidet til eit stadnamnprosjekt i Møre og Romsdal kom i gang hausten 1983. Prosjektet er lagt opp som eit samarbeidstiltak mellom Møreforsking, Kulturavdelinga i fylket, Fylkeskartverket og Norskseksjonen ved Møre og Romsdal distriktshøgskule. Det er teke kontakt med alle kommunane i fylket, og dei aller fleste har sagt seg interesserte i å delta i prosjektet. Det faglege opplegget er utarbeidd av Peter Hallaråker. Han har òg gjeve ut ei bok om Stadnamngransking i Møre og Romsdal, der han gjer greie for kva som finst av eksisterande stadnamnsamlingar og stadnamnlitteratur i fylket, og korleis ein bør gå fram i det vidare innsamlingsarbeidet. Det er meininga å tilsetja ein kvalifisert prosjektmedarbeidar på full tid som skal vera med å organisera, kontrollera og fylgja opp innsamlingsarbeidet.

Sjølve innsamlinga skal føregå ved hjelp av friviljug innsats i kommunane, og då etter eit fast opplegg som sikrar den faglege standarden. Det kan verta aktuelt å nytta ekstraordinære sysselsetjingsmidlar.

Møreforsking skal ha arbeidsgjevaransvaret for prosjektmedarbeidaren. Hallaråker har no flytt inn i eit nyoppretta kontor ved denne institusjonen. Fylkeskartkontoret vil yta teknisk og anna hjelp i samband med dataregistreringa.

Når det gjeld økonomi, hadde me fyrst sett opp eit budsjett på 600.000, men seinare vart dette halvert. Me arbeider med ei tredeling mellom Fylkeskulturetaten, Fylkeskartkontoret og Norsk kulturråd. Dei to fyrste institusjonane har stilt desse pengane til rådvelde gjennom ekstra-

løyvingar, og no ventar me berre på at Norsk kulturråd skal gjera vedtak om å støtta prosjektet. Elles er dei fleste kommunane innstilte på å yta eit visst tilskot til innsamlingsarbeidet lokalt. Ei rekkje kurs har vore haldne rundt om i kommunane, og fleire er planlagde.

Til slutt vil eg gjerne få med at arbeidet er kome godt i gang i nokså mange kommunar i Møre og Romsdal, og det synest vera stor oppslutning om tiltaket.

Alf-Einar Øien, Nordland:

I Nordland er spørsmålet om stadnamninnsamling på fylkesplan nokså nytt. Me veit at det har vore utført ein del innsamlingsarbeid rundt om i fylket, både av hovudfagsstudentar og andre fagfolk, og av interesserte elles. Men det er i alle fall lite i høve til den store namnemengda som må finnast rundt om i det langstrekte fylket vårt. Akkurat dei store avstandane er eit av dei problema me må hanskast med når det gjeld tiltak på fylkesplanet.

Det skal mykje ressursar til når ein skal leggja sams tiltak til rette for så ulike distrikt som t.d. Vesterålen og Helgeland.

For å ta dette spørsmålet opp på brei basis arrangerte fylkeskulturetaten i Nordland ein større kulturkonferanse i Bodø 7-8. mai i år med stadnamninnsamling som hovudtema. Dei aller fleste kommunane var representerte ved kultursekretærane eller kulturstyremedlemer. Her førelas Kåre Elstad frå Institutt for språk og litteratur i Tromsø, Peter Hallaråker frå Møre og Romsdal distriktshøgskule, Botolv Helleland frå Institutt for namnegransking i Oslo.

Denne konferansen vart møtt med stor interesse i kommunane, og tanken om å organisera ei større innsamling i fylket fekk stor tilslutning. I gruppearbeidet på konferansen vart ei rekkje problem og framlegg til lokal organisasjon tekne opp. M.a. vart det peikt på at det kunne vera ein føremon om to eller fleire kommunar fekk i stand samarbeid om stadnamninnsamling.

I fylkeskulturavdelinga vil ein no drøfta vidare planlegging med m.a. Fylkeskartkontoret og Nordlandsforskning. Me reknar med å kunna koma med ei vurdering til hausten, men kva som vil skje, er vanskeleg å seia no. Ein tanke som har vore framme, er at ein kunne dra stadnamn sterkare inn i norskundervisninga i den vidaregåande skulen, det ville i så fall seia at ein måtte halda kurs for lærarane slik at dei kunne formidla innsamlingsmetodikken vidare. Bruk av sysselsetjingsmidlar kunne vera ein annan utveg, men her er det spørsmål om tilstrekkeleg fagleg grunnlag. Det er i alle høve viktig å halda kontakten med universiteta og ikkje minst fylgja med i det som skjer i fylka lenger sør.

****

STADNAMNUTSTILLING I ROGALAND

I tida 3-19. mai i år vart det vist fram ei utstilling om stadnamn på Atlantic Hotel i Stavanger. Utstillinga var kalla Stadnamn fortel historie og var laga i tilknyting til stadnamnprosjektet i Rogaland, med Inge Særheim som fagleg ansvarleg.

Ved hjelp av foto- og tekstmontasjar var det gjort greie for korleis stadnamn kjem til, kva funksjon dei har og kva historie dei fortel. Utstillinga vart motteken med stor interesse, og i sommar er det meininga at ho skal visast rundt om i ein del av Rogalands-kommunane.

STADNAMNSEMINAR I SØR-VARANGER

I tida 31. mai til 2. juni vart det skipa til eit lokalhistorisk seminar med stadnamn som hovudemne på Svanvik folkehøgskole i Pasvik. Bak seminaret stod Sør-Varanger historielag, Varanger Årbok og Vadsø historielag. Seminaret tok særleg opp stadnamn i fleirspråklege område. Olav Dikkanen og Kjell Arthur Paulsen innleidde om innsamling av samiske og finske stadnamn. Elles var det innleiingar ved Eira Söderholm, Aud-Kirsti Pedersen og Botolv Helleland.

"NAMN I NORD" - TROMSØ 8. OG 9. MAI 1985

Universitetet i Tromsø arrangerte 8. og 9. mai 1985 seminaret "Namn i nord". Seminaret var å sjå på som ei oppfølging av det fyrste namneseminaret ved Universitetet som vart halde i fjor. Den gongen gjekk seminaret over ein dag, mens ein i år hadde fått med seminarinnlegg nok til å fylle to dagar. Som i fjor var det Helge Salvesen (Institutt for samfunnsvitenskap) og Gulbrand Alhaug (Institutt for språk og litteratur) som stod for arrangementet.

Det tverrfaglege aspektet ved seminaret viste seg ikkje berre ved at seminaret var eit samarbeidstiltak mellom desse to institutta. Det tverrfaglege kom også fram på andre måtar, t.d. ved at innleiarane hadde nokså forskjellig fagbakgrunn. I tillegg til foredrag ved historikarar og språkfolk kunne ein såleis høre foredrag ved ein botanikar (Karl-Dag Vorren), ein ingeniør (Odd Andresen) og ein EDB-ekspert (Terje Holtet).

På programmet stod det tre hovudemne: Vegnamn/gatenamn, personnamn (begge 8. mai) og stadnamn (9. mai). Den fyrste dagen vart det dessutan arrangert eit kurs om innsamling av stadnamn etter at seminarprogrammet var slutt. Førelesarar på dette kurset var Peter Hallaråker, Botolv Helleland og Finn Myrvang. Deltakarane kom frå ulike kommunar i Troms.

På seminardagane vart det elles halde foredragom nyare namngjeving i Nordland og Troms (Kåre Elstad), kommunal namngjeving (Peter Hallaråker), namnsetjing av gater og vegar i Troms (Odd Andresen), namnematerialet ved Registreringssentralen for historiske data (Terje Holtet), namnemateriale og gardsbusetnad (Jørn Sandnes), staðir-namn i Nord-Noreg (Helge Salvesen), pollenanalyse og datering (Karl-Dag Vorren), kategorisering av terrengformasjonar (Aud-Kirsti Pedersen), stadnamn i fleirspråklege område (Eira Söderholm), samiske stadnamn i Vesterålen (Finn Myrvang), bjørnespor i stadnamn (Botolv Helleland), sjønamn i Nord-Troms (Håvard Dahl Brattrein). Gulbrand Alhaug heldt foredrag om namneleddsoppkalling i nordnorske personnamn.

Foredraga vil verta publiserte i Nordlyd.

Gulbrand Alhaug

SØR-VARANGER - EN DEL AV NORGE?

"Ja dei gode gamle nutarne" - vi gleder oss over dem vi også som salig Ivar Aasen gjorde det, selv om norsk tradisjon og "slekters gang" for de aller fleste her oppe bare betyr 3-4 generasjoner.

Før begynnelsen av 1800 tallet var sørsiden av Varangerfjorden skoltesamenes område, og de omtales i litteraturen som østenhavsfinner og russefinner m.m. I dag bør de få gjenlevende benevnes med sitt eget navn, østsamer (nuortalazzak). Disse satte da navn på sjøer, elver og fjell rundt boplasser og langs ferdselsruter i disse områdene - navn som de reisende utenfra i århundreder undret seg over,og som har fått de merkeligste språkdrakter i nedtegnede beretninger.

Inn i dette området flyttet så nordsamiske/sjøsamiske folk med til dels annet livsmønster og med en viss språklig avstand til østsamene. Historien forteller om motsetningsforhold disse gruppene imellom, noe som også bekreftes av muntlig tradisjon i f.eks. Jarfjordområdet. Østsamene ble av mange sett på som en pariakaste, og de avklarte grenseforhold med Russland i 1826 gav i virkeligheten dødsstøtet til deres siida-system. I dag er det bare navnerestene av siidaen vi har igjen- Baccevæi er blitt til Pasvik, Njavdam til Neiden.

1800-tallet åpnet så for norsk og finsk innvandring av dimensjoner. Alt norsk i området ble støttet og overeksponert, og hundrevis av gamle hevdvunne samiske stedsnavn ble oversatt og kunstig vrengt, ofte til det ugjenkjennelige. En del av disse navn har overlevd, men mange har i stor grad paradert på kartene og har vært lite brukt, og de er da også mer eller mindre vellykkede alt etter øyet som ser og øret som hører. Kvenene derimot, og alt de stod for, ble neddempet, og de ble i lange perioder sett på med en viss mistenksomhet av de norske myndighetene. Kunne disse innvandrede finlenderne i tenkte tilfeller ville støtte sammenslutninger som Lappobevegelsen og de storfinske ideer?

All ettertid har vist at de kvenske innvandrerne var like trofaste mot Norge som alle andre undersåtter, men de brakte med seg finsk kultur og språk, og vi har i alle fall et firesifret antall finskspråklige eller forfinskede stedsnavn bare i Sør-Varanger i full bruk i dag. Og hvilken skjebne disse navnene skal få undrer jeg på, og jeg er nokså skuffet over mandat og sammensetning for Stadnamnutvalet for NOU nr. 6 1983. Heldigvis er samisk kommet med under pkt. 4, men de finske burde også vært med i et pkt. 5.

Men rett skal være rett, på sidene 45 til 47 i samme NOU er det en rekke vettuge betraktninger over de finske/kvenske stedsnavnene - men så var det dette med praksis, da.

Ikke vet jeg hva navneforskere i andre deler av landet tenker om navnene her nord, men jeg har da fått spørsmål som: kan dette området være interessant da, som bare har vært norsk i vel 150 år?

Fra mitt synspunkt er nettopp blandingen av alle disse kulturene svært fascinerende: hvilke samiske navn har overlevd denne kulturelle overkjørsel, og hvilke vil komme til å overleve? "Det er altfor mange samiske navn på kartene" er en melodi jeg stadig hører. Dersom vi skal la navnene fra de forskjellige språk føre en stille krig med hverandre, er jeg redd for at mange svært verdifulle og historisk korrekte navn vil avgå ved en hurtig død. Skal vi styre disse navnene og i tilfelle hvorledes? Vierragæcci og Damasgaisa er blitt til Virgas og Tammasjokfjellet i de norsktalendes munn - er dette en utvikling vi ønsker, og er den uunngåelig? Skal vi gå ut med skikkelig informasjon til det kartlesende publikum om de samiske navnene, skape en større forståelse for dem? En del av dette publikum har dessverre vendt de samiske navnene ryggen fullstendig - kan vi nå dem ved å styrke de navn som har samiske forledd og norske grunnord til etterledd? Det er nemlig disse som virkelig er liv laga.

Og hva med de navn kvenene har brukt og bruker? Skal disse navnene bare på arkivkort og i skuffer - eller kan de også få et liv på kartene, det har de nemlig ikke idag selv om de er i full bruk. Hvordan skal de da eventuelt skrives i landet Norge? Restitueres helt til finsk i likhet med de samiske til perfekt samisk? Eller skal Karikoski og Kertusjärvi skrives med G som de uttales, skal vi skrive Postitie eller Bosti, dondori eller tunturi osv. Her trenger hundre spørsmål seg på. Jeg vil for mitt bare liv ikke miste noen av dem, og rent lydlig synes jeg også de er vakre: Kammivaara, Kippianpojanjänkä, Päivälompola. Og vær klar over at disse fortrenger stort sett hverken norske eller samiske navn, men er et berikende tilskudd til hele navnefloraen og viser i en rekke tilfeller til lokaliteter de er alene om.

I denne sammenheng savner vi også mal for hvorledes vi skal registrere disse navnene. Retningslinjene for navneinnsamling fra Institutt for namnegransking passer nok for andre deler av Norge, men jeg synes registreringsgenseren blir både for trang i halsen og ellers lite dugende for denne forfriskende navnevinden fra hovedsaklig Nord-Finland.

For eksempel bør ikke bare de eldste informantene slippe til, men alle aldersgrupper, for å se hvorledes navnene har endret seg fra de første innvandrerene og til idag. Hvilke finske navn har fortrengt samiske? Hvilke hybrider har vi osv. For meg synes det meningsløst å fylle ut kolonnen med preposisjonsbruk for disse kasusspråkene, mens jeg tror begrepet komposisjonsfuge, eller kanskje vi skal si kasusfuge, har mye for seg. Men vi savner retningslinjer til denne verdifulle navneskatten vår - vil vi få dem?

Kjell Arthur Paulsen

Hva betyr et navn?

Et godt logo eller navn kan være verdt tusenvis av annonser, men en endring av image virker bare positivt hvis det samtidig reflekterer mer fundamentale forandringer.

Post Office Telecommunications hadde suksess med sin omlegging og det nye navnet British Telecom. Men Esso's kostbare endring til Exxon var bare å skifte ut «et stykke meningsløs og simpelt grafisk uttrykk med et annet», sier en designer.

Flyselskapene som stort sett gir samme service til samme priser, er varme tilhengere av logos. British Airways skal bruke 24 millioner pund i de neste to år for å endre sitt image. Det sentrale i denne «revolusjonen» er en endring av teksten på flykroppen fra bare «British» til «British Airways». Lyder kjent? I 1980 ble det brukt store penger på å male over det andre ordet i et gamle emblemet — «British airways».

Economist

Som eit moment i diskusjonen om kva namn tyder tek me med dette utsnittet av ein artikkel i Economist - saksa frå det norske bladet Ledelse - attgjeve utan løyve. Etymologien er tydelegvis av sekundær interesse mellom internasjonale jet sets!

****

Stadnamn-
innsamling I:

- Kan vi saa tale om navnene paa dine gamle slaatteteiger?



PEDAGOGISKE LYTE KNYTTE TIL REGLANE FOR NORMERING AV STADNAMN

Stadnamna er ein del av språket. Forholdet mellom den lokale, "nedervde" uttalen av namna og dei normerte namneformene kan me difor på mange vis samanlikna med forholdet mellom ulike dialektord og rettskrivingsformene åt orda.

Den offentlege utgreiinga NOU 1983:6 Stadnamn, skal behandlast i Stortinget om ikkje lenge. Dei reglane for skrivemåten av stadnamn som er føreslegne i denne utgreiinga krev, på same måte som føresegnene frå 1957, at me i mange tilfelle berre delvis skal retta oss etter dei allmenne rettskrivingsreglane når me skal skriftnormera stadnamn. Skriftformene åt mange stadnamn hamnar difor i ei mellomstilling mellom dialektform og skriftspråkform. Dette er svært uheldig pedagogisk sett. Det blir stadig viktigare i ei pluralistisk tid som vår med så mange konkurrerande påverkingskjelder at skiljet mellom dialekt og skriftspråk blir gjort så tydeleg som råd. Me kan ikkje anna venta enn at elevane i grunnskulen blir usikre når dei skal læra å skriva skriftspråka viss dei ikkje veit kva som er normert språk og kva som er dialekt. Alle språkformer, og då særleg dei skriftlege, som skil seg ut frå dialektformene, vil lett bli oppfatta som fullt normerte former, sjølv når dei ikkje er det.

Det beste ville vore om me anten hadde hatt full skriftspråksnormering av stadnamna eller inga normering i det heile. Påbaud reglane oss å følgja gjeldande eller tidlegare rettskrivingsnormer strengt når me skulle skriftnormera stadnamn, fekk me for eksempel skrive Ufsa eller Ufsi for /up´so/, /up´se/ osv., Bekkarvik for /bet˧`tar˃vi:k/, Kvamme for /hàm`mɣ/ og Grjotheim for /grø:`dem/. Det skulle ikkje vera særleg verre for oss å retta oss etter slike skriftspråksgrunna reglar for skriving av stadnamn enn det er å normera vanlege dialektord i samsvar med skriftspråksreglane som gjeld.

Hadde me skrive namna fullt ut i samsvar med dialektane på dei ulike stadene, ville me nok fått ein del fleire namn som folk andre stader ifrå ville hatt problem med å skjøna. Men det ville ikkje sagt det same som at desse unormerte namna ville vore utan verdi for framande. Me kan her samanlikna med koss me opplever namn frå framandspråklege område. Me tenkjer ikkje over om det er normalspråklege former eller kva namna tyder når me les eller høyrer om namn som Amazonas eller Brasil - me veit at dei gjeld den største elva i verda og det største landet i Sør-Amerika. Namna har altså verdi for oss sjølv om me ikkje veit kva dei tyder.

Me skjønar likevel at ein regel om å normera stadnamna etter dialektuttalen ikkje kan bli følgd heilt ut. Full konsekvens av ein slik regel ville

vore å skriva namna med rein lydskrift. For ikkje å enda opp i det, kunne me ført inn regionale samleformer som var rimeleg tilpassa dialektane i områda: Lat oss ta eit eksempel:

I Vågå vil ein spiss fjelltopp kunna bli kalla noko slikt som eit [höʸnˌ`fjeɪ̯l·], på Nes på Hedmark ville dei gjerne sagt [höᵘnˌ`fjel·] og i Solør [hɔᵘnˌ`fjel·]. Var dette stadnamn på dei ulike stadene, kunne namna fått den regionale samleforma Hønnfjell. Ei tilsvarande regional samleform på det sørlege Vestlandet kunne vore Hodnafjedlet (for eksempel [hod'na-fjedle] i Lindås i Nordhordland (om eit slikt fjell fanst der) og [håd`-nafjedle] ulike stader i Sunnhordland og i Rogaland).

Når skuleborn i nynorske område ser namneskilt på heimstaden sin som har "halvnormerte" namneformer som Laksasundet for [lák`sasonne] og Ravnaneset for [ráv`nane:se] attmed skilt med fullt normerte former som Hola for [hå:`lå] og Grønehaugen for [grö:`nehauen], vil dei fort kunna ta til å skriva om for eksempel laksafiske og ravnareir og tru at dei skriv korrekt nynorsk. Når mange av stadnamna blir skrivne i samsvar med rettskrivingsreglane, vil folk lett innbilla seg at dei fleste stadnamna, ja gjerne alle, blir det.

Desse eksempla skulle gi ein liten illustrasjon på kva for pedagogiske skavankar som er knytte til framlegget til føresegner i NOU 1983:6.

Kjell Erik Steinbru

Stadnamninnsamling II: - *Dom hæll på å samle inn ælle stanamn i bygden!*

LANESSKOGAN OG ANDRE SKOG-NAMN PÅ ANDØYA

Det er ikkje å vente at Andøya eller rettare sagt Anda nørdst i Nordland og ytst i havgapet skal skilte med store skogareal på myrane sine. I så måte måtte det visst meir bli tale om kjerr og kratt, og nokre slike namn finst, t.d. Skilkjerran /ʂell`kærran/ mellom Åse og Å, Tjønnkjerran og Langstrandkjerran ved Nordmela og truleg fleire. Meir særmerkte namn er Krampan /kramm`pan/ eit stykke unna det skogsnaue Saura, og Snarset på myrane innom det like skoglause Skogvoll. Her er det ei slåtte (med kratt), ikkje gardsnamn som Snarset i Bø.

Ei anna sak er at øya har 3-4 skilde fjellgardar /fjeɭɭ`gåra/ med oftast låge, breskura heiar der det er framifrå beite og ikkje uviktige bjørkeskogareal. I Andenes sokn er dette lite merkande, men det aukar på søretter, og i Hinnøy-delen av Bjørnskinn sokn er det tilmed eldgammal foraskog (i Forfjorden).

Skilte med skog kan no kommunen likevel - iallfall i lokalavisene nyleg:

Skiltkrangel på Andøya

Bladet Vesterålen/Andøykontoret:

Nyoppsatt vegskilt med stedsnavnet Lanesskog er tatt ned. Her heter det like mye Myrland, mener beboerne på den andre siden av vegen som har forlangt skiltet fjernet. Forholdet er at det heter Lanesskog ned mot havet og Myrland opp mot lia. Riksvegen er skillet mellom stedene. Nå prøver forbrukernemnda i Andøy å skjære igjennom. Vi synes det er betenkelig at den yngste garden (Myrland 1924 mot Lanesskog 1876) setter en stopper for at den eldste får sitt skilt på vegen, heter det i et brev til kommunen. Vi forslår at skiltene blir satt opp igjen og at Myrland får et skilt ved begge oppkjøringen fra riksvegen.

VESTERÅLEN TIRSDAG 4. DESEMBER 1984

Lanesskogan er det einaste buplassnamnet i Andøy med samansett, bunden fleirtalsform. Det kjem av Laneset /la:`nesse/ nedmed sjøen, laga til la-(d)e 'høyløde' - som minne om gammal bruk av utslåtter. Laneset heiter og ein stad sørom Nøss. Rett opp av det først nemnde Laneset er Slættskogen, som helst kjem av slætte n. 'slåtte(teig)'. Ordet er det berre spor etter i stadnamn, t.d. er Dalslætthågen ovom grenda Bø meir ei li enn ei slette i vanleg meining. (Men lydleg lar ikkje slette f. og slætte n. seg skilje). Fleirtalsforma i Lanesskogan kjem av ei tradisjonell inndeling Heim-, Mellom- /meɭ`ɭa/, Nord- og Øverskogen (berre restar av skog), attåt Slættskogen - og så Sørskogen litt sør for dei eigentlege Lanesskogan. Ubunden eintalsform "Lanesskog" er altså i strid med ei rad reglar og omsyn som går fram av både tidlegare, gjeldande og påtenkte namnereglar.

Einaste tilfellet av liknande buplassnamn i kommunen må vere (på) Skogan

med Skogabekken på Sørmela, no avleggs namnebruk. Seljeskogen på grannegarden Aknes er eit døme på "spesifisering" av treslag, då bortsett frå grenda eller husmannsplassen Skavdalen i Dverberg sokn, til skav 'rogn'.

Minne om ein gammal rydningsplass er nok også Mikkjeljordskogen i Kobbedalen i Bjørnskinn. Der har dei og Storskogen. Liknande allmenne namn er Svartskogan ovanfor Refsneset mellom Bø og Sørmela, Svartskogen = Ramnskogen på Sørmela, og Svartskogaksla sørst i Åse-Åsen.

Nemninga "(i) svartskog" vil somme tider seie skog før lauvsprett, andre tider gjaldt det kanskje skog skadd av åme (bjørkemålar); atter andre gonger var det snakk om landemerke under médtaking. Såleis fiskeplassen "Skoglia" ved Sellevoll, méda "Skogrøstet" ved Ramså, kanskje også "Kovskoglian" i Slåttefjellet ved Åse (nyttig méd når snøkov skjulte fjelltoppane?). Mest særprega er likevel médnamnet "Kammarskogen" i Mulen ved Åse: Han var trekanta og minte vel om ein gammaldags kammar (= do).

Klumpskogan i grenda Bjørnskinn er nemnde etter Klumpan, nokre bergknattar på eit morenera. Meir uvisst er Kollskogan /kåḷḷ-/ nær Lanesskogan: Ved til mjølkekoller el. l.? Tilsvarande gjettar eg at Gandskogen /ga:n`-/, eit lite holt ovom Sellevoll, kanskje baud på ved som var kronglut og vrang å arbeide med? - Sæterskogan ved Nygård treng ikkje nærmare forklaring. Jamfør også Gorrmyrskogen i Bjørnskinn grend.

Slike namn er tydeleg eit gammalt "lag" i tradisjonen. Fleire av desse stadene er no heilt skoglause, som Tjukkeskogen på Ånes, Strandskogbakkan ved Svindalen o.a. Men beste dømet her er sjølve gardsnamna Skogvoll/sko:`-våḷḷ/ og Sellevoll /sæl`le-/, truleg tidlegare med ein uttale /sæl`li-/ for Selj-. Den første garden har skog berre i Lauvhólen og på Snarset eit godt stykke borte; tilsvarande har Sellevoll Skogåsen langt unna. Ressursane var ikkje utan ende. - Eit Ny Jordfelt nær Dverberg heiter Skogstad; eit anna mellom Åse og Bjørnskinn heiter Myrland. Begge er særs unge namn.

Der det verkeleg har vore "veaskog", heiter det gjerne Vedhøggan (Bjørnskinn grend, Bø, Sørmela, Storsandnes og kanskje fl. st.) Men med ny jorddyrking og drenering kjem det no og tilvekst av skog på myrane.

Finn Myrvang



STADNAMNINNSAMLING PÅ GYMNASET I VALDRES

I 1969 tok elevar ved Valdres gymnas (no Fagernes vidaregåande skule) til å nytte stadnamn som emne for særoppgåve i historie. Etter at fagplanane fjerna denne oppgåvetypa, har ein del teki opp same emne i særemne i norsk i staden.

Frå fyrst av samla kvar elev inn ikring 100 stadnamn, seinare er "mønstermaterialet" 80 - eit reint rådgjevande tal,det finst oppgåver med langt over 200 namn.

Oppgåva går ut på kartplassering og omtale. Namna skal finnast på alfabetisk liste, og dessutan førast inn på kartskisse eller kart. Det er vanleg å nytte Økonomisk kartverk, og oftast berre med nummer for kvart namn. Dinest fylgjer sjølve omtala av namnet, sett opp slik:

1. Namnet med vanlege bokstavar (men gjerne nær uttala)
2. Lydskrift (kan vera grov,men tjukk l, ulike e-lydar og tonelag er viktige drag i valdresmål)
3. Preposisjon og dativ (med unntak av synst i Valdres, der dativ no for lenge sidan er borte)
4. Omtale. Er namnet greitt, kan dette vera svært kort. Men ved uklåre namn er tradisjon, utsjånad på staden, og gjerne forteljingar knytte til staden, fint å få med. Kva det er namn på, skal nemnast her.

Eit nokolunde tilfeldig døme frå ei oppgåve ("Stadnøvn på Hamarsnes, ette stølsvæge o på Flisøyn", Gerd O. Strømmen 1982,Vestre Slidre) syner opplegget:

117. Kjørøldstain. kø:r`øldstain på kø:r`øldstainė s. 53	Ain 5 m høg o 5 m brai, spiss stain so ligg lite synnai sjølve stølo på Flya, sye Ułło (nr. 118)

Innve o rundt denne stain brukte følke på Flya o jåyme kjørølde sine so dai hadde på stølo. E ha hørt ulike førklaringa på dette. Nokon saie at dai vilde gjøyme dai før Haugafølke, før desse fløtte inn på stølo ner bygdafølkæ fløtte haimatt um haustn.

Ain an teori, so e synyst høyrist mair rimelæ ut, æ at hallingadn va so fæle te o raise rundt på stølo um haustn o stæla mæ se både kjørøld o anna at dai laut jøyme undå dæ meste, visst dai vilde ha dæ noko lenger.

Eksemplet syner bruk av målføre i skrift, noko som har tradisjon heilt attende til Andris E. Vang si bok "Reglo o rispo..." frå Valdres i 1850.

Og det har vorte nokså vanleg i slike oppgåver dei seinare åra. Andre eksempel er "Stadnavn på vestsiun tå Slidrefjoie i Vestre Slidre prestegjæld og "Stadnavn étté rekslo åt kyro på Sørre Trøllåsé".Men mest vanleg er nok oppgåver knytte til ein eller eit par gardar. Den aller fyrste som vart levert, var døme på dette, "Stadnamn i Sørre Bjørgo og Bjørgan" (Bjørg Bjørgo 1969). Og inspirasjonen skal ha komi då tre generasjonar sette seg ned ein kveld og fann på å notere ned namn berre frå garden - frå elva og opp til fjells. Det synte seg at dei fann 200 namn på denne kveldsstunda!

Til og med våren 1985 er 144 oppgåver leverte, og med det er meir enn 15000 namn omtala. No er rett nok ein god del namn omtala i fleire oppgåver, men dette er langt frå unyttig. For nokre namn er tolkingane og dei oppgjevne formene noko ulike. Ei vurdering av kvalitet elles i oppgåva, kan nok gje ein peikepinn om kva som er rett. Men ofte finst ulike tradisjonar. For eit namn fann eg heile fem ulike tolkingar i fem oppgåver. Og kva folk trur om eit namn, kan ofte vera verdfullt sjølv om ein ikkje trur det er korrekt opphav. Eit godt døme er diskusjonen om Fillefjell/File - fjell. Hallvard Hande fortel i ei folkeminnebok for hundre år sidan at dei slost så "fillone fauk". Filologen vil nok smile av tolkinga, men det er eit temmeleg sikkert prov på at uttala Fillefjell har vore nytta då boka kom ut. No seier dei fleste valdrisar Filefjell.

Elevane arbeider godt og grundig - tanken på ei karaktervurdering gjer nok sitt. Og resultatet er aller oftast svært bra, karakteren 5 er faktisk gjennomsnitt no, sjølv om ein del får 4 (gamal T - T+).Og om det ein sjeldan gong finst ein 3-ar, dukkar det nok like ofte opp ein 6 (gamal S).

Men endå viktigare er at interessa for namn svært ofte kjem sterkare og sterkare under arbeidet. Ein del strev, javel. Men nokre år etter kjem også dei som ikkje fekk avtala kopiering då oppgåva vart levert. No vil ein slektning eller granne sjå oppgåva. Og då er det truleg godt og vel at me er strenge med å halde på anten ein kopi av oppgåva, eller originalen dersom eleven ikkje bed om å få behalde denne. I tillegg kjem sjølvsagt at denne store namnesamlinga - i tillegg til anna innsamla materiale i Valdres - har gjevi grunnlag for ei rad artiklar om stadnamn i dalføret.

Ivar Aars

Stadnamn-
innsamling III
(år 2001):

- *Er du tilkopla databasen i Volda?*

STADNAMN FORTEL HISTORIE

Det er mykje aktivitet rundt om i dei norske stadnamnmiljøa, ikkje minst gjeld det i Rogaland, der **Inge Særheim** får tid til både å styra eit stort innsamlingsprosjekt og gje ut bøker. I fjor kom **Namn som fortel om oss. Handbok i innsamling og arkivering av stadnamn.** Og no i år har det kome ei ny bok frå hans hand: **Stadnamn fortel historie. Om namngjeving, namnebruk og opplysningar i stadnamn.**

Med litteraturliste og namneregister er boka på kanpt 130 sider og såleis ikkje noko ruvande verk. Men forfattaren maktar likevel å få med ei mangesidig innføring i tilfang og problem som knyter seg til ulike sider ved norsk stadnamngransking, t.d. kva funksjon stadnamn har, korleis dei kan endra seg og korleis omskifte i dei ytre tilhøva kan føra til at nye namn kjem opp, m.a. gjennom offentleg namnebruk. Eit kapittel heiter "Namnelaging og namnestruktur", og her vert det gjeve eit kortfatta, men instruktivt oversyn over hovudtypen av norske stadnamn, nemleg dei som er laga ved hjelp av eit terrengskildrande **grunnord**; oftast er dei nærare presisert gjennom ein utmerkingslekk. Særheim gjev òg gode døme på såkalla grunnordlause namn, t.d. **Der sør** (namn på gardsbruk). Eit noko større kapittel tek for seg opplysningar i namn, og dette er delt i ein språkleg bolk og ein sakleg bolk. Her vert det gjeve mange døme på kva stadnamn kan fortelja om samfunn og arbeidsliv i eldre og nyare tid. Så fylgjer ei kort drøfting av problem som knyter seg til tolking av stadnamn, og til slutt eit oversyn over namngjevinga på ein gard - her finst det heile 300 namn som inneheld 100 ulike grunnord, altså ein imponerande namnerikdom.

Det er med andre ord ei frodig mark Særheim arbeider på - i meir enn ein forstand.

Boka "vender seg til vanlege folk med interesse for språk og tradisjon. Det er òg tenkt på bruksområde som undervisning og forsking innan språk og historie, allment kulturarbeid og offentleg administrasjon". Med tanke på slike målgrupper er det eit nyttig tilskot Særheim her har gjeve til ein elles ikkje alt for omfangsrik læreboklitteratur i stadnamnkunnskap.

Forfattaren har ført opp uttalen til dei aller fleste av dei mange eksempela i fonemisk lydskrift. Han har nytta eit system som eit nasjonalt utval har tilrådd i samband med dataregistrering av stadnamn. Dette systemet kan nok verka uvant på mange lesarar. Sidan lydskrifta ikkje har nokon avgjerande funksjon for bruken av eksempelmaterialet, kunne ho vore utelaten i teksten og eventuelt ført opp saman med registeret bak. Ein annan ting er at

nøyaktige uttaleopplysningar er heilt avgjerande for den vitskaplege bruken av eit stadnamnmateriale, og eg kunne ynskt meg ei meir utførleg drøfting på prinsipielt grunnlag nettopp av tilhøvet mellom genuine munnlege former og skriftlege former av stadnamn.

Stadnamn fortel historie er mogeleg tenkt å vera ei utfylling til **Namn i Noreg** av Ola Stemshaug og ei forenkla utgåve av dei danske lærebøkene **Stednavneforskning** 1 og 2 (Vibeke Dalberg og John Kousgård Sørensen). Dette har Særheim i så fall oppnådd. Og han bør ha ros for ein folkeleg språkbruk - mestedelen av faguttrykka vil den interesserte lesaren vera kjend med.

bh

Inge Særheim:
Stadnamn fortel historie.
Om namngjeving, namnebruk og opplysningar i stadnamn.
Universitetsforlaget 1985
Kr. 120,-

STORTINGET OM STADNAMNINNSAMLING

I debatten om kulturpolitikken i 1980-åra har Stortinget uttala seg positivt om verdien av stadnamninnsamling. Me har klipt fylgjande frå Innst. S. nr. 132 1984-85, s. 39-40:

6.6 Stedsnavn

Komiteen viser til utredningen om skrivemåten av stedsnavn NOU 1983:6.

Komiteen regner med at departementet vil følge opp denne utredningen på vanlig måte, men vil allerede nå understreke at stedsnavnene våre er en viktig kulturressurs og kulturpolitisk kilde som fungerer som kulturell identifikasjon for folk. En stor del av det eldre navntilfanget står nå i fare for å forsvinne fordi bosettingsmønster og næringsstruktur er i rask forandring, og fordi informanten tilhører den generasjon som kjenner stedsnavn og ofte sammenhengen de står i, faller fra etter hvert.

Komiteen vil peke på at det haster med å få samlet inn stedsnavn, og mener at departementet så snart som mulig i samråd med Norsk Stadnamnarkiv må få fortgang i fullføringen av registreringen av stedsnavn i landet.

Komiteen mener at det må gis statstilskudd til dette arbeidet, f.eks. etter samme modell som for registrering av faste kulturminner.

Neste nr. av Nytt om namn kjem i desember.
Frist for innlevering av stoff: 20. november 1985

Returadresse
Institutt for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 Oslo 3



Ola Stemshaug
NAMN I NOREG

Ny og auka utgåve av den einaste læreboka i tolking av namn i Noreg. Boka gjev bakgrunn både for slektsnamn og stadnamn, rettleiing om skrivemåten, gatenamn og praktisk innsamling av namn. Nytt kapittel om samiske og kvenske namn i Noreg.

Ei viktig bok både for fagfolk og for den interesserte amatøren! Kr 118,00 **I bokhandelen!**

Samlaget

ISSN 0800 - 4676